



Arkivsaknr: 2023/1280-8
Sakshandsamar: Jan Olav Møller
Avdeling: Samfunnsutvikling avd.
forvaltning

SAKSFRAMLEGG

Uttale - Regulering av Aurlandsvassdraget - revisjon av konsesjonsvilkår

Utvalssak	Utval	Møtedato
18/24	Formannskapet	14.03.2024
19/24	Kommunestyret	21.03.2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Aurland kommune legg til grunn at standardvilkår for vassdragsreguleringar også vert sett for Aurlandsvassdraget. Desse vil omfatta dei fleste tiltak for å oppretthalde eit akseptabelt vassmiljø, gjennom heimelen for å påleggja biologiske undersøkingar, utsetting av fisk både i vassdraga og i magasina, samt biotoptiltak for å auka overlevelse. I tillegg bør det ut frå eit miljøfagleg synspunkt, fastsettast akseptabel minstevassføring i vassdraga som tilrådd i rapportar som ligg til grunn for revisjonsdokumentet. Aurland kommune forventar at det i revisjonsarbeidet vert teke omsyn til Aurlandsvassdraget som leveområde for laks og sjøaure, samt vassmiljø og fjellaure i magasina. Det vert vist til fleire og utfyllande punkt i vurderinga i sakspapira i høve vassforskrifta, fisk og dyreliv som må ivaretakast.

Aurland kommune stiller seg bak krav i brev frå Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd og villreinutvalet for Nordfjella og ber om at hovudmomenta referert til i vurderinga vert teke med i vilkåra.

Det bør opprettast eit fiske-, vilt-, friluftsliv- og beitefond i kommunen som regulant/utbyggjar pliktar å årleg innbetale eit beløp til, i tillegg til at kommunen setter av ei årleg sum. Midlane kan nyttast til auka tilgjenge til fiske-, vilt-, friluftsliv og beiteressursane og kome ålmenta til gode.

Regulant/utbyggjar blir pålagt å innbetale eit beløp til eit villreinfond for tilretteleggingstiltak for villrein. Eit slikt fond bør også tilførast midlar frå andre partar i eit spleiselag. Dette vil sikre brei medverknad og oppslutning kring tilrettelegging, istandsetting og ivaretaking av leve- og trekkeområda til villreinen

Aurland kommune syner elles til utfyllande punkt i vurdering i saksutgreiinga.

Handsaming i Formannskapet - 14.03.2024:

Det vart røysta alternativt mellom innstilling frå kommunedirektøren og framlegg frå Johannes Dalsbotten (H):

A/B votering

1)

Innstilling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Aurland kommune legg til grunn at standardvilkår for vassdragsreguleringar også vert sett for Aurlandsvassdraget. Desse vil omfatta dei fleste tiltak for å oppretthalde eit akseptabelt vassmiljø, gjennom heimelen for å påleggja biologiske undersøkingar, utsetting av fisk både i vassdraga og i magasina, samt biotoptiltak for å auka overlevelse. I tillegg bør det ut frå eit miljøfagleg synspunkt, fastsettast akseptabel minstevassføring i vassdraga som tilrådd i rapportar som ligg til grunn for revisjonsdokumentet. Aurland kommune forventar at det i revisjonsarbeidet vert teke omsyn til Aurlandsvassdraget som leveområde for laks og sjøaure, samt vassmiljø og fjellaure i magasina. Det vert vist til fleire og utfyllande punkt i vurderinga i sakspapira i høve vassforskrifta, fisk og dyreliv som må ivaretakast.

Aurland kommune stiller seg bak krav i brev frå Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd og villreinutvalet for Nordfjella og ber om at hovudmomenta referert til i vurderinga vert teke med i vilkåra.

Det bør opprettast eit fiske-, vilt-, friluftsliv- og beitefond i kommunen som regulant/utbyggjar pliktar å årleg innbetale eit beløp til, i tillegg til at kommunen setter av ei årleg sum. Midlane kan nyttast til auka tilgjenge til fiske-, vilt-, friluftsliv og beiteressursane og kome ålmenta til gode.

Regulant/utbyggjar blir pålagt å innbetale eit beløp til eit villreinfond for tilretteleggingstiltak for villrein. Eit slikt fond bør også tilførast midlar frå andre partar i eit spleiselag. Dette vil sikre brei medverknad og oppslutning kring tilrettelegging, istandsetting og ivaretaking av leve- og trekkeområda til villreinen

Aurland kommune syner elles til utfyllande punkt i vurdering i saksutgreiinga.

Dette vart sett opp mot:

2)

Framlegg frå Johannes Dalsbotten (H):

Aurland kommune legg til grunn at nye vilkår har ein god balanse mellom kraftproduksjon og tiltak som betrar miljøet i Aurlandsvassdraget.

Tiltak som har god effekt for å nå miljømål utan at det særleg grad fører til krafttap bør ha prioritet.

Aurland kommune legg til grunn at standardvilkår for vassdragsreguleringar også vert sett for Aurlandsvassdraget. Desse vil omfatta dei fleste tiltak for å oppretthalde eit akseptabelt vassmiljø, gjennom heimelen for å påleggja biologiske undersøkingar, utsetting av fisk både i vassdraga og i magasina, samt biotoptiltak for å auka overlevelse. I tillegg bør det ut frå eit miljøfagleg synspunkt, fastsettast akseptabel minstevassføring i vassdraga som tilrådd i rapportar som ligg til grunn for revisjonsdokumentet. Aurland kommune forventar at det i revisjonsarbeidet vert teke omsyn til Aurlandsvassdraget som leveområde for laks og sjøaure, samt vassmiljø og fjellaure i magasina. Det vert vist til fleire og utfyllande punkt i vurderinga i sakspapira i høve vassforskrifta, fisk og dyreliv som må ivaretakast.

Aurland kommune stiller seg bak krav i brev frå Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd og villreinutvalet for Nordfjella og ber om at hovudmomenta referert til i vurderinga vert teke

med i vilkåra. Det bør opprettast eit fiske-, vilt-, friluftsliv- og beitefond i kommunen som regulant/utbyggjar pliktar å årleg innbetale eit beløp til, i tillegg til at kommunen setter av ei årleg sum. Midlane kan nyttast til auka tilgjenge til fiske-, vilt-, friluftsliv og beiteressursane og kome ålmenta til gode.

Regulant/utbyggjar blir pålagt å innbetale eit beløp til eit villreinfond for tilretteleggingstiltak for villrein. Eit slikt fond bør også tilførast midlar frå andre partar i eit spleiselag. Dette vil sikre brei medverknad og oppslutning kring tilrettelegging, istandsetting og ivaretaking av leve- og trekkeområda til villreinen Aurland kommune syner elles til utfyllande punkt i vurdering i saksutgreiinga.

Aurland kommune er positiv til dei skisserte prosjekta for Låvi Kraftverk Vilkårsrevisjonen må sjåast i samanheng med oppgraderingsarbeid ved Nyhellerdammen og føreslegne tiltak i «Tiltaksplan for Nordfjella i samband med Kvalitetsnorm for Villrein» for å realisere landbru over Nyhellervatnet. Dette vil gjenopprette ei trekkrute for villreinen som vart sperra av neddemminga.

Reguleringa av Aurlandsvassdraget er viktig med tanke på flaumsikring. Overføring av vatn frå Vindedalselvi til Viddalsmagasinet kan redusera flaumfaren også i Flåmsvassdraget, og er difor eit tiltak som det bør arbeidast vidare med.

For forslag 2 røysta 5: Kjell Bøe Bjørgum (AP), Therese Turlid (AP), Johannes Dalsbotten (H), Monica Finden (H), David Underdal (Sp)

Med dette er forslag 2 vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 14.03.2024:

Aurland kommune legg til grunn at nye vilkår har ein god balanse mellom kraftproduksjon og tiltak som betrar miljøet i Aurlandsvassdraget.

Tiltak som har god effekt for å nå miljømål utan at det særleg grad fører til krafttap bør ha prioritet.

Aurland kommune legg til grunn at standardvilkår for vassdragsreguleringar også vert sett for Aurlandsvassdraget. Desse vil omfatta dei fleste tiltak for å oppretthalde eit akseptabelt vassmiljø, gjennom heimelen for å påleggja biologiske undersøkingar, utsetting av fisk både i vassdraga og i magasina, samt biotoptiltak for å auka overlevelse. I tillegg bør det ut frå eit miljøfagleg synspunkt, fastsettast akseptabel minstevassføring i vassdraga som tilrådd i rapportar som ligg til grunn for revisjonsdokumentet. Aurland kommune forventar at det i revisjonsarbeidet vert teke omsyn til Aurlandsvassdraget som leveområde for laks og sjøaure, samt vassmiljø og fjellaure i magasina. Det vert vist til fleire og utfyllande punkt i vurderinga i sakspapira i høve vassforskrifta, fisk og dyreliv som må ivaretakast.

Aurland kommune stiller seg bak krav i brev frå Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd og villreinutvalet for Nordfjella og ber om at hovudmomenta referert til i vurderinga vert teke med i vilkåra.

Det bør opprettast eit fiske-, vilt-, friluftsliv- og beitefond i kommunen som regulant/utbyggjar pliktar å årleg innbetale eit beløp til, i tillegg til at kommunen setter av ei årleg sum. Midlane kan nyttast til auka tilgjenge til fiske-, vilt-, frilufts og beiteressursane og kome ålmenta til gode.

Regulant/utbyggjar blir pålagt å innbetale eit beløp til eit villreinfond for tilretteleggingstiltak for villrein. Eit slikt fond bør også tilførast midlar frå andre partar i eit spleiselag. Dette vil sikre brei medverknad og oppslutning kring tilrettelegging, istandsetting og ivaretaking av leve- og trekkeområda til villreinen

Aurland kommune syner elles til utfyllande punkt i vurdering i saksutgreiinga.

Aurland kommune er positiv til dei skisserte prosjekta for Låvi Kraftverk Vilkårsrevisjonen må sjåast i samanheng med oppgraderingsarbeid ved Nyhellerdammen og føreslegne tiltak i «Tiltaksplan for Nordfjella i samband med Kvalitetsnorm for Villrein» for å realisere landbru over Nyhellervatnet. Dette vil gjenopprette ei trekkrute for villreinen som vart sperra av neddemminga.

Reguleringa av Aurlandsvassdraget er viktig med tanke på flaumsikring. Overføring av vatn frå Vindedalselvi til Viddalsmagasinet kan redusera flaumfaren også i Flåmsvassdraget, og er difor eit tiltak som det bør arbeidast vidare med.

Handsaming i Kommunestyret - 21.03.2024:

Det vart røysta alternativt mellom innstilling frå formannskapet og framlegg frå Bjørn Ståle Vike (Ap):

A/B votering

1)

Innstilling:

Formannskapet 14.03.2024

Aurland kommune legg til grunn at nye vilkår har ein god balanse mellom kraftproduksjon og tiltak som betrar miljøet i Aurlandsvassdraget.

Tiltak som har god effekt for å nå miljømål utan at det særleg grad fører til krafttap bør ha prioritet.

Aurland kommune legg til grunn at standardvilkår for vassdragsreguleringar også vert sett for Aurlandsvassdraget. Desse vil omfatta dei fleste tiltak for å oppretthalde eit akseptabelt vassmiljø, gjennom heimelen for å påleggja biologiske undersøkingar, utsetting av fisk både i vassdraga og i magasina, samt biotoptiltak for å auka overlevelse. I tillegg bør det ut frå eit miljøfagleg synspunkt, fastsettast akseptabel minstevassføring i vassdraga som tilrådd i rapportar som ligg til grunn for revisjonsdokumentet. Aurland kommune forventar at det i revisjonsarbeidet vert teke omsyn til Aurlandsvassdraget som leveområde for laks og sjøaure, samt vassmiljø og fjellaure i magasina. Det vert vist til fleire og utfyllande punkt i vurderinga i sakspapira i høve vassforskrifta, fisk og dyreliv som må ivaretakast.

Aurland kommune stiller seg bak krav i brev frå Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd og villreinutvalet for Nordfjella og ber om at hovudmomenta referert til i vurderinga vert teke med i vilkåra.

Det bør opprettast eit fiske-, vilt-, friluftsliv- og beitefond i kommunen som regulant/utbyggjar pliktar å årleg innbetale eit beløp til, i tillegg til at kommunen setter av ei årleg sum. Midlane kan nyttast til auka tilgjenge til fiske-, vilt-, friluftsliv og beiteressursane og kome ålmenta til gode.

Regulant/utbyggjar blir pålagt å innbetale eit beløp til eit villreinfond for tilretteleggingstiltak for villrein. Eit slikt fond bør også tilførast midlar frå andre partar i eit spleiselag. Dette vil sikre brei medverknad og oppslutning kring tilrettelegging, istandsetting og ivaretaking av leve- og trekkeområda til villreinen

Aurland kommune syner elles til utfyllande punkt i vurdering i saksutgreiinga.

Aurland kommune er positiv til dei skisserte prosjekta for Låvi Kraftverk Vilkårsrevisjonen må sjåast i samanheng med oppgraderingsarbeid ved Nyhellerdammen og føreslegne tiltak i «Tiltaksplan for Nordfjella i samband med Kvalitetsnorm for Villrein» for å realisere landbru

over Nyhellervatnet. Dette vil gjenopprette ei trekkroute for villreinen som vart sperra av neddemminga.

Reguleringa av Aurlandsvassdraget er viktig med tanke på flaumsikring. Overføring av vatn frå Vindedalselvi til Viddalsmagasinet kan redusera flaumfaren også i Flåmsvassdraget, og er difor eit tiltak som det bør arbeidast vidare med.

Dette ble satt opp mot:

2)

Framlegg frå Bjørn Ståle Vike (Ap):

Aurland kommune legg til grunn at standardvilkår for vassdragsreguleringar også vert sett for Aurlandsvassdraget. Desse vil omfatta dei fleste tiltak for å oppretthalde eit akseptabelt vassmiljø, gjennom heimelen for å påleggja biologiske undersøkingar, utsetting av fisk både i vassdraga og i magasin, samt biotoptiltak for å auka overlevelse. I tillegg bør det ut frå eit miljøfagleg synspunkt, fastsettast akseptabel minstevassføring i vassdraga som tilrådd i rapportar som ligg til grunn for revisjonsdokumentet. Aurland kommune forventar at det i revisjonsarbeidet vert teke omsyn til Aurlandsvassdraget som leveområde for laks og sjøaure, samt vassmiljø og fjellaure i magasin. Det vert vist til fleire og utfyllande punkt i vurderinga i sakspapira i høve vassforskrifta, fisk og dyreliv som må ivaretakast.

Aurland kommune stiller seg bak krav i brev frå Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd og villreinutvalet for Nordfjella og ber om at hovudmomenta referert til i vurderinga vert teke med i vilkåra.

Det bør opprettast eit fiske-, vilt-, friluftsliv- og beitefond i kommunen som regulant/utbyggjar pliktar å årleg innbetale eit beløp til, i tillegg til at kommunen setter av ei årleg sum. Midlane kan nyttast til auka tilgjenge til fiske-, vilt-, friluft og beiteressursane og kome ålmenta til gode.

Regulant/utbyggjar blir pålagt å innbetale eit beløp til eit villreinfond for tilretteleggingstiltak for villrein. Eit slikt fond bør også tilførast midlar frå andre partar i eit spleiselag. Dette vil sikre brei medverknad og oppslutning kring tilrettelegging, istandsetting og ivaretaking av leve- og trekkeområda til villreinen Aurland kommune syner elles til utfyllande punkt i vurdering i saksutgreiinga.

For forslag 1 røysta 10: Eli Kristin Stave (AP), Kjell Bøe Bjørgum (AP), Kjetil Turlid (AP), Per Are Flåm (AP), Therese Turlid (AP), Egil Hoff (H), Johannes Dalsbotten (H), Monica Finden (H), Noralv Distad (H), Per Olav Bøe (H)

For forslag 2 røysta 7: Bjørn Ståle Vike (AP), Tor Olavson Skjerdal (AP), Unni Kristin Underdal (MDG), David Underdal (Sp), Eldrid Kringeland Grønsberg (Sp), Sigurd Vikesland (Sp), Terje Horvei (V)

Med dette er forslag 1 vedteke.

Tilleggsframlegg frå Sigurd Vikesland (Sp) :

NVE må sørge for at vilkår i andre vilkårsrevisjonar i det same villreinområdet må sjåast i samanheng når det gjeld framtidige krav og forventningar til utbyggjar/regulant.

For forslaget røysta 12: Bjørn Ståle Vike (AP), Kjetil Turlid (AP), Egil Hoff (H), Johannes Dalsbotten (H), Monica Finden (H), Noralv Distad (H), Per Olav Bøe (H), Unni Kristin Underdal (MDG), David Underdal (Sp), Eldrid Kringeland Grønsberg (Sp), Sigurd Vikesland (Sp), Terje Horvei (V)

Imot forslaget røysta 5: Eli Kristin Stave (AP), Kjell Bøe Bjørgum (AP), Per Are Flåm (AP), Therese Turlid (AP), Tor Olavson Skjerdal (AP)

Med dette er tilleggsframlegget vedteke.

Endringsframlegg frå Sigurd Vikesland (Sp):

Stryk dei to første avsnitta i framlegget frå formannskapet.

For forslaget røysta 7: Bjørn Ståle Vike (AP), Egil Hoff (H), Unni Kristin Underdal (MDG), David Underdal (Sp), Eldrid Kringeland Grønsberg (Sp), Sigurd Vikesland (Sp), Terje Horvei (V)

Imot forslaget røysta 10: Eli Kristin Stave (AP), Kjell Bøe Bjørgum (AP), Kjetil Turlid (AP), Per Are Flåm (AP), Therese Turlid (AP), Tor Olavson Skjerdal (AP), Johannes Dalsbotten (H), Monica Finden (H), Noralv Distad (H), Per Olav Bøe (H)

Med dette er endringsforslaget ikkje vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 21.03.2024:

Aurland kommune legg til grunn at nye vilkår har ein god balanse mellom kraftproduksjon og tiltak som betrar miljøet i Aurlandsvassdraget.

Tiltak som har god effekt for å nå miljømål utan at det særleg grad fører til krafttap bør ha prioritet.

Aurland kommune legg til grunn at standardvilkår for vassdragsreguleringar også vert sett for Aurlandsvassdraget. Desse vil omfatta dei fleste tiltak for å oppretthalde eit akseptabelt vassmiljø, gjennom heimelen for å påleggja biologiske undersøkingar, utsetting av fisk både i vassdraga og i magasina, samt biotoptiltak for å auka overlevelse. I tillegg bør det ut frå eit miljøfagleg synspunkt, fastsettast akseptabel minstevassføring i vassdraga som tilrådd i rapportar som ligg til grunn for revisjonsdokumentet. Aurland kommune forventar at det i revisjonsarbeidet vert teke omsyn til Aurlandsvassdraget som leveområde for laks og

sjøaure, samt vassmiljø og fjellaure i magasina. Det vert vist til fleire og utfyllande punkt i vurderinga i sakspapira i høve vassforskrifta, fisk og dyreliv som må ivaretakast.

Aurland kommune stiller seg bak krav i brev frå Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd og villreinutvalet for Nordfjella og ber om at hovudmomenta referert til i vurderinga vert teke med i vilkåra.

Det bør opprettast eit fiske-, vilt-, friluftsliv- og beitefond i kommunen som regulant/utbyggjar pliktar å årleg innbetale eit beløp til, i tillegg til at kommunen setter av ei årleg sum. Midlane kan nyttast til auka tilgjenge til fiske-, vilt-, frilufts og beiteressursane og kome ålmenta til gode.

Regulant/utbyggjar blir pålagt å innbetale eit beløp til eit villreinfond for tilretteleggingstiltak for villrein. Eit slikt fond bør også tilførast midlar frå andre partar i eit spleiselag. Dette vil sikre brei medverknad og oppslutning kring tilrettelegging, istandsetting og ivaretaking av leve- og trekkeområda til villreinen

Aurland kommune syner elles til utfyllande punkt i vurdering i saksutgreiinga.

Aurland kommune er positiv til dei skisserte prosjekta for Låvi Kraftverk Vilårsrevisjonen må sjåast i samanheng med oppgraderingsarbeid ved Nyhellerdammen og føreslegne tiltak i «Tiltaksplan for Nordfjella i samband med Kvalitetsnorm for Villrein» for å realisere landbru over Nyhellervatnet. Dette vil gjenopprette ei trekkrute for villreinen som vart sperra av neddemminga.

Reguleringa av Aurlandsvassdraget er viktig med tanke på flaumsikring. Overføring av vatn frå Vindedalselvi til Viddalsmagasinet kan redusere flaumfaren også i Flåmsvassdraget, og er difor eit tiltak som det bør arbeidast vidare med.

NVE må sørge for at vilkår i andre vilårsrevisjonar i det same villreinområdet må sjåast i samanheng når det gjeld framtidige krav og forventningar til utbyggjar/regulant.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskap

Saka skal avgjerast i kommunestyre

Saka gjeld

NVE avgjorde den 30.11.2022 at konsesjonsvilkåra for reguleringa av Aurlandsvassdraga skal reviderast. Hafslund Eco Vannkraft AS har utarbeidd eit revisjonsdokument som er lagt ut til offentleg ettersyn. Revisjonsdokumentet beskriv reguleringane og vurderer dei ulempene ein er kjent med. Høyringsfrist er 31.03.2024.

På bakgrunn av revisjonsdokumentet og fråsegnene til dette skal NVE gje ei innstilling til Olje- og energidepartementet, med framlegg til nye konsesjonsvilkår.

Hovudføremålet med ein vilkårsrevisjon vil vera å betre miljøforholda for regulerte vassdrag. Dette skal vegast opp mot føremålet for sjølve konsesjonen, som er kraftproduksjon. Det er såleis berre konsesjonsvilkåra som kan reviderast, ikkje sjølve konsesjonen. Privatrettslege tilhøve er ikkje omfatta av revisjon og normalt heller ikkje økonomiske vilkår som ikkje kan knytast direkte til miljøforholda.


Sentralt i kommunen si handsaming er å ta stilling til om vilkåra skal reviderast og om det bør innførast nye avbøtande tiltak som kan betre miljøforholda. Som del av dette må ein vurdere om revisjonsdokumentet har gjeve tilstrekkeleg kunnskap om problemstillingar i saka.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Vedtak om konsesjon og vilkåra i Aurlandsreguleringa vart gjeve ved Kgl.res av 29.09.1969 – «*Regulering og overføring av Aurlandsvassdraget*» og etter endring av planane vart nytt løyve gjeve i Kgl.res. av 25.07.1975 – «*Planendringar mv. i forbindelse med utbygging av Aurlandsvassdraget*». Årsaka til endringa var ønskje om å ta vare på kvalitetane i Aurlandsdalen og konsentrere inngrepa i utbygginga.

Totalt vert det i dag produsert nær 3 TWh i dei fem kraftverka (Aurland 1 – 5) i kommunen. Anlegga omfattar totalt 13 magasin, nærare omtala i revisjonsdokumentet. Aurland 2, 3 og 5 påverkar vassføringa i heile eller deler av Aurlandselvi og sidevassdraga oppstraums Vassbygdvatn og har overlappende verknad. Aurland 1 og 4 påverkar vassføringa i Aurlandselvi oppstraums Vassbygdvatn. Totalt er det om lag 95 km elvestrekning som er berørt av reguleringane. Aurlandsreguleringane utgjer såleis eit omfattande og komplekst system, der kraftverka i Aurland er blant dei største og viktigaste i norsk kraftforsyning. Anlegga er blant landets viktigaste kraftverk når det gjeld effekt og systemtenester og er sentralt i høve utviklinga av sentralnettet i Norge.



Kunnskapsgrunnlaget

Fisk og vassmiljø

Kunnskapen kring fisk og fiske i vassdraget er godt dokumentert gjennom fleire fiskebiologiske undersøkingar og rapportar, gjennom fleire år. Blant anna har NORCE LFI og NINA gjennomført ein rekke forskingsprosjekt i Aurlandsvassdraget sidan 2009 og har arbeidd med vassføring, vasstemperatur og fysiske habitattilhøve, som til dømes gyteplassar og sedimentforhold. Det er gjort ein rekke tiltak for å betre og restaurera habitatforhold for fisk (gytegrusutlegg, ripping av armert elvebotn for å betre skjulforholda for ungfisk, samt restaurering av sideløp).

Tiltaka har vore overvåka og i 2022 har NORCE LFI gjennomført habitatkartlegging i dei anadrome elvestrekningane av Aurlandsvassdraget.

Det er utarbeidd miljødesign for Aurlandsvassdraget i 2009, der vassdraget var demovassdrag i prosjektet EnviDORR, som gjekk ut på å skaffe kunnskap og bruke den til å betre både kraftproduksjon og forholda for laksefisk i regulerte vassdrag. Kunnskapen frå prosjektet bidrog til råda som vert gjeve i «Håndbok for miljødesign i regulerte vassdrag» av 2013. Prosjektet med tilrådde tiltak har sidan pågått, men fleire tiltak er også sett i påvente av revisjon av konsesjonsvilkåra. I revisjonsdokumentet er det opplyst om at regulant vil følgje opp Aurlandsvassdraget på same måte som det gjort, med årleg overvåking, fiskeforsterkande tiltak, vedlikehald av eksisterande biotopiltak, gjennomføring av nye tiltak og ytterlegare undersøkingar der ein manglar kunnskap.

Villrein

Nordfjella er sterkt påverka av inngrep frå kraftutbygging, både i form av reguleringsmagasin og i form av vegar. Viktig kunnskapsgrunnlag for villrein er den vedtekne regionalplan for Nordfjella og tilhøyrande rapportar som vart utarbeidd i arbeidet.

Retningslinje 26 i Regional plan for fornybar energi seier at «Ein skal unngå tiltak som reduserer verdier på leveområdet for villrein.»

Aurland kommune har viktige interesser i arealforvaltninga av området, gjennom Regional plan for Nordfjella, samt i arbeidet med ny kommuneplanen sin arealdel som no vert arbeidd med. Området er svært viktig område for kommunen i høve jakt, fiske, friluftsliv og beite. Kommunen vil framover arbeide med ein besøksforvaltningsstrategi, som også vil omhandle ferdsel inn i fjellområda.

I samband med høyring av revisjonsdokumentet har Aurland kommune gjennomført eit arbeidsmøte med Aurland Fjellstyre, Aurland elveeigarlag og Aurland jakt og fiskelag 22.02.2024 for å drøfte innspela frå partane til høyringa. Notat frå møte ligg vedlagd saka.

Link til NVE si nettsida om konsesjonssaka: [Konsesjonssak - NVE](#)

Vurdering

I revisjonsdokumentet er det skrive om eit nytt kraftverk på Låvi, med inntak i Viddalsvatn og utløp i Aurlandsfjorden. Om kraftverket blir realisert vil brukstida på Aurland 1 kraftverk bli redusert betrakteleg og det blir mindre kaldt vatn frå Viddalsvatnet til Vassbygdvatnet. Kraftverket er vurdert til å gje betydeleg effektbidrag til eit sentralt nettpunkt og samtidig medføre miljøforbetring i Vassbygdevatn og Aurlandselvi. Det vert lagt til grunn at dette blir køyrd som ein eigen konsesjonssak og vert ikkje teken stilling til i denne saka.

Sentralt i kommunen si handsaming av saka er å vurdere dei miljøfaglege tilrådingar opp i mot kraftbehovet og krafttap. Vidare er det viktig å vurdere omsyna i høve jakt-, fiske-, friluftsliv- og beiteinteressene. Samla sett er det store samfunnsinteresser som er gjeldande i saka.

Fiske-, vilt-, friluftsliv- og beitefond

Som skrive over i saksutgreiinga er både Aurlandsdalen og fjellområda som er påverka av utbygginga, svært viktige for utøving av jakt, fiske, friluftsliv og beite. Erfaringar har synt at

det er behov for eit fond som kan nyttast til tiltak og koma ålmenta til gode. Det finst tilsvarande fond i Årdal og Lærdal i samband med kraftutbyggingar der. Dette er også noko som tydeleg kom fram som eit behov i arbeidsmøte med Aurland Fjellstyre, Aurland elveeigarlag og Aurland jakt og fiskelag 22.02.2024. Det vert også synt til uttale frå desse partane som ligg vedlagd saka. Kommunedirektøren tilrår difor at det bør opprettast eit fiske-, vilt-, friluftsliv- og beitefond i kommunen som regulant/utbyggjar pliktar å årleg innbetale eit beløp til, i tillegg til at kommunen setter av ei årleg sum. Midlane kan nyttast til auka tilgjenge til fiske-, vilt-, friluftsliv og beiteressursane. Vidare kan midlane nyttast til opplæringstiltak, framtidige tiltak innan beitenæringa/kompensasjon for ulemper, informasjonsbeid og forskning/kartlegging/driftsplanlegging.

Regulant har elles bidrege positivt med kr 25 000 årleg til Venner av Aurlandsdalen, der midlane går til vedlikehald av stien i Aurlandsdalen.

Landbruk

Områda langs vassdrag og magasina er viktige beiteområde i landbruket. Naturleg fungera elvane som stengsle for beitedyra. Med lite vatn i elvane, er den «sjølvgjerdande» effekten borte, og dyra vandrar lenger. Det er viktig at beitenæringa får kompensasjon for denne ulempa. Det er og viktig at beiteområda ikkje vert forringa med stengsel og neddemming av område

Villreinfond

Vidare vert det vurdert som viktig at regulant/utbyggjar blir pålagt å innbetale eit beløp til eit villreinfond for tilretteleggingstiltak for villrein. Eit slikt fond bør også tilførast midlar frå andre partar i eit spleiselag. Dette vil sikre brei medverknad og oppslutning kring tilrettelegging, istandsetting og ivaretaking av leve- og trekkeområda til villreinen. Vi syner her til tidlegare uttale frå villreinnemnd og villreinutval.

Det vert synt til kapittel «Avbøtande tiltak kap 5.3 frå s. 63. Under vert nokre sentrale punkt kommentert.

Restaurering og istandsetting

Revisjonsdokumentet har lite omtale av restaurering av natur og istandsetting knytt til vegar og anleggsområde ved sida av vassdraga og magasina. Vi saknar ei vurdering av moglege konkrete områder der ein kan gjennomføre naturrestaurering. Om det ikkje er med i sjølve vilkårsrevisjonen anbefalar vi at dette vert teke med som fokusområde i regulanten sine eigne langsiktige visjonar og strategiar.

Flaumdemping

Det er viktig at manøvreringsregime tek høgde for forventa klimaendringar og klimatilpassing og at bestemmelsar er innretta for å handtere dette. Vi legg til grunn at

regulant har lang erfaring og lokal kjennskap knytt til dette og det vert vist til utfyllande omtale av dette i revisjonsdokumentet.

Vurdering i høve vassforskrifta, fisk og dyreliv

I samband med revisjon legg kommunedirektøren til grunn at standardvilkår for vassdragsreguleringar også vert sett for Aurlandsvassdraget. Desse vil omfatta dei fleste tiltak for å oppretthalde eit akseptabelt vassmiljø, gjennom heimelen for å påleggja biologiske undersøkingar, utsetting av fisk både i vassdraga og i magasina, samt biotoptiltak for å auka overlevelse. I tillegg bør det ut frå eit miljøfagleg synspunkt, fastsettast akseptabel minstevassføring i vassdraga som tilrådd i rapportar frå bl.a NORCE LFI. I LFI rapport nr 379 er følgjande tilrådd:

«Dersom målet er å øke ungfiskproduksjon for laks og sjøaure ytterligere f.eks. som kompensasjon for tapt ungfiskproduksjon i vassdraget, så er dette mulig ved å øke minstevannføringen opptil ca. 2 m³/s med dagens elveseng. Over ca. 0.55 m³/s betraktes minstevannbehovet for sideløp som sikret. Fra 0.77 m³/s betraktes dagens gyteplasser som sikret mot tørrfalling og opptil ca. 2 m³/s vil habitat for ungfisk økes uten å samtidig redusere habitatkvaliteten. Økning i areal per vannføringsenhet avtar med økende vannføring».

Vidare: *«Dagens eksisterende sommervannføringsregime med slipp av 0.5 m³/s i perioden 1.-15. juli og 1,5 m³/s i perioden 16. juli-15. september fra Vetlebotn (Aurlandsdalen) og 0.3 m³/s i perioden 1. juli-1. september fra Langedølainntaket samt vannføringsvariasjonen fra restfelt betraktes som gunstig for ungfiskeproduksjon om sommeren. For å optimalisere vekstforhold for ungfisk bør dette vannføringsregimet utvides til slutten av september (Ugedal et al. 2019), enten ved forlengelse av reglementet eller bruk av valgt løsning for minstevannføring om vinteren»...* *«Ved siden av minstevannslipp har tilkobling av sideløp stort potensial til økning av ungfiskhabitat (kap. 3.2 og Ugedal et al 2019). Slike planer finnes for eksempel for Tivesja».*

Elveeigarlaget har i sin uttale peika på at særskild Vassbygdelva er viktig å sikre tilstrekkeleg minstevassføring i, med 2m³/s. Utbyggjar/regulant har i revisjonsdokumentet gjort ei utgreiing i høve innspela frå elveeigarlaget, samt i høve rapport frå NORCE LFI. Regulant peikar på at *«det reelle krafttapet vil være minimum 6,2 GWh ved å sikre en minstevannføring på 0,55 m³/s i Vassbygdelvi, selv om det installeres fjernstyrt tapping. Dersom det pålegges en minstevannføring på 0,77 m³/s, vil det reelle krafttapet øke med ca. 4 GWh i forhold til i dag, til minimum 10,3 GWh».* Regulant meiner at den beste avveginga mellom krafttap og miljøgevinst er å vidareføre minstevasslippet til Vassbygdelvi på dagens nivå, samstundes som arbeide med å gjennomføre biotopjusterande tiltak for å tilpasse Vassbygdeelvi til dagens vassføringsregime vert vidareført. Miljøgevinsten ved å sette minstevassføringa i Vassbygdeelva til minimum 0,77 m³/s vil ikkje etter regulanten si vurdering ikkje vera stor nok til å vege opp for det relle auka tapet av regulerbar kraft på ca 4 GWh, samanlikna med dagens krafttap. I dagens situasjon kor det er sterkt press på skaffe tilveie ny, fornybar kraft, må krafttapet sjåast som ikkje ubetydeleg i seg sjølv.

Kommunedirektøren vurderer at det for krav til minstevassføring for vassdraga omtala i revisjonsdokumentet og i fagrapportar frå NORCE LFI, ut i frå ei miljøfagleg synspunkt vegd opp mot kraftbehovet og dei reelle krafttapa som regulant har påpeika, fastsettast ei akseptabel minstevassføring. Ut i frå eit reint miljøfagleg synspunkt bør minstevassføringa ligge på 2 m³/s, medan det ut i frå ei samla vurdering i høve kraftbehov og krafttap kan minimum 0,55 m³/s eller 0,77 m³/s vera eit mogleg kompromiss. Det vert lagt til grunn at NVE tek ei grundig og samla vurdering av dette.

I høve til vassforskrifta har vassdraga ein miljøtilstand som karakteriserast som sterkt modifisert (SMVF). Miljømål skal settast ut frå vassførekomsten sitt økologiske potensiale (GØP). Sjølv med kompenserande tiltak vil vassførekomsten framleis vera sterkt modifisert i høve til økologisk tilstand. Kompenserande tiltak som tilrådd i høve minstevassføring, krav til magasinfylling, utsetting av fisk både i vassdrag og i høg fjellsmagasina, biotoptiltak m.m vil kunne legge til rette for at økologisk potensiale kan oppretthaldast eller forbetrast. Kommunedirektøren forventar såleis at det i revisjonsarbeidet vert teke meir omsyn til Aurlandsvassdraget som leveområde for laks og sjøaure, samt vassmiljø og fjellaure i magasina. Framleis utsetting av fisk i høg fjellet vert vurdert som viktig at blir vidareført. I tillegg framleis drift av klekkeri vert vurdert som sentralt å vidareføre.

Det er positivt at det for vassdraget ligg mykje godt kunnskapsgrunnlag gjennom tidlegare forskning. Kommunedirektøren vurderer at gjennomført miljødesign og seinare kartlegging av habitattiltak og overvåking, er eit godt verktøy å ta med i revisjonsarbeidet og framtidige tiltak. Miljødesign er eit godt verktøy for å finne rett vassføring, få oversikta over utfordringar, plan for habitattiltak, vurdere dette opp i mot kraftproduksjon, friluftsliv og andre interesser. Med framtidens kraftbehov er miljødesign viktig i høve å få meir kraft på ein miljøvenleg måte.

Det bør gjennomførast ny registrering av fiskeproduksjonen i vassdraget.

Elveeigarlaget peikar på at fisken kjem opp elva seinare enn før, frå midten av august og i september. Aurland kommune ber om at den faktiske vandringa vert dokumentert og undersøkt. Dette kan påverke regime for vassføringa i vassdraget.

Det vert lagt til grunn at det skal haldast fram arbeidet med miljø og habitattiltak i form av kileprosjekt, harving, gyttegrus, djupål/overlevingskulpar, steinutlegg i både hovudvassdrag og sidevassdrag. For kileprosjekt vil ein trekke fram kilen Tivesja i Vassbygdi som viktig å få gjenopna som tilrådd i rapport frå NORCE LFI.

I høve damluka i Vassbygdevatn bør dette innarbeidast i revisjonsdokumentet og det bør fastsettast dato for når luka skal leggjast ned om våren og når det skal hevast. Her kan evt ny teknologi for heving/senking utgreiast av regulant.

Frå Aurland Fjellstyre er det peika på at sommarvasstand i Vetlebotnvatnet og

Vestredalsmagasinet framleis skal halde på krava til kotenivå som dagens krav. Kommunedirektøren vurderer at kravet til minimum kotehøgde må vidareførast for å oppretthalde god økologisk potensial i høve miljøstilstand og ivareta vassmiljøet på ein akseptabel måte, samt sikre fiskeinteressene i høg fjellet. Dette kan berre fråvikast med omsyn til flaumdemping.

Revisjonsdokumentet omtalar manøvrering i høve å gje høgare vassstemperatur i Aurlandselvi nedstraums Vassbygdevatn. Elveigarlaget meiner at det må utgreiast topptapping frå Viddalsvatn for å betre temperaturforholda på kraftverksvatnet. Fagrapport i samband med EnviDORR peikar på løysing der stans og/eller vesentleg redusert produksjon i Aurland 1 vil gje vesentleg auke i temperatur. Utover dette er det ikkje peika på andre realistiske tiltak som gjev verknad. Regulant skriv i revisjonsdokumentet at det ikkje bør brukast ytterlegare ressursar på å utgreie moglege tiltak for vassstemperaturen i Aurlandselvi om sommaren i samband med vilkårsrevisjon, men heller konkretisera dette i planane for Låvi kraftverk. I og med at Låvi kraftverk skal køyrast som ein eigen prosess og haldast utanfor revisjonssaka, vurderer kommunedirektøren at det bør køyrast ei eiga og meir grundig utgreiing i høve topptapping frå Viddalsmagasinet før det kan konkluderast i høve dette.

Vurdering i høve villrein

Oppdemminga av Nyhellerdammen har ført til at eit større område av Nordfjella Sone 1 har gått ut av bruk, trekkorridorar har vorte demt ned og utvekslinga av dyr mellom Sone 1 og Sone 2 i Nordfjella villreinområde har vorte ytterlegare redusert. Sone 1 ligg Nord for Aurlandsdalen (FV50), medan Sone 2 ligg i sør.



Nyhellervatn hovuddam skal oppgraderast for å møte krav om auka damtryggleik. I samband med dette er det planlagt større anleggsarbeid på og ved dammen og arbeidet vert sett i gang sommaren 2024.

I kap 1.6.4 i detaljplanen for oppgraderinga av Nyhellervatn hovuddam vert det konkludert med at «*Det er derfor ikke aktuelt med tiltak knyttet til rein for arbeidene som skal utføres ved Nyhellervatn i dag*». Videre blir det sagt at byggherre skal holde seg oppdatert, og sette i verk tiltak dersom det blir aktuelt.

Eit viktig tema som må leggjast til grunn i revisjonsarbeidet er arbeidet med «reetablering av villrein i Sone 1». Det har blitt sagt at det tidlegast kunne skje fem år etter utskotning av dyra, og desse fem åra er no gått. Det er enno ikkje vedteke når reetablering skal iverksetjast, men det er konkludert med at det skal skje gjennom naturleg trekk frå dyra i Sone 2. Dette betyr at det er særskild viktig å ha gode og funksjonelle trekkmoglegheiter mellom sør og nord i Nordfjella, og forstyrningar må i ein slik fase vere på eit absolutt minimum om reetableringa skal lukkast.

Det er viktig å sjå dette planlagde oppgraderingsarbeidet for Nyhellervatn, vilkårsrevisjon for Aurlandsvassdraget (inkl. Nyhellervatn) og det pågåande arbeidet med Tiltaksplan for Nordfjella i samband med Kvalitetsnorm for Villrein, i samanheng. Dette inneber at rette instansar og ressurspersonar er viktig at vert kopla på, slik at ein i den komande tida kan sjå desse tre momenta i samanheng.

Regulant har vore med i arbeidsgruppa for kraft og anleggsvegar i Tiltaksplanarbeidet for villreinen i Nordfjella. Dette bør bidra til å sikre at vidare oppfølging av revisjonsarbeidet er tett kopla på føreslegne tiltak for å betre livsvilkåra for reinen i Nordfjella, som er naudsynt om ein skal kunne oppnå ønska tilstand etter Kvalitetsnorm for villrein.

Forslag henta frå forslag til Tiltaksplan frå arbeidsgruppa frå Kraft og annleggsvegar:

- Ferdselsrestriksjonar på anleggsvegen. Veggen er per i dag open for almen ferdsel (julioktober). Fyste steg bør vere oppsetjing av ferdsestiller, for å få oversikt på trafikken på veggen. Seinare kan ein vurderer bom og forbod mot camping/bubilar ol. langs veggen.
- Landbru over Nyhellervatnet. Avstanden over sundet vest for Vampen (om lag 80 – 100 m) og djupna her tilseier at ei landbru bør kunne realiserast.

Eit viktig tiltak for villreinen i Nyheller-området er landbru over sundet til Vampen. Nokre bukkeflokkar finn alternative traséar, medan fostringsflokkane held seg i hovudsak nord for magasinet.

I Revisjonsdokumentet kap. 8.3.1 vert det understreka at villrein er eit viktig tema i revisjonssaka, noko fylkeskommunen er svært glade for å sjå. Eit av temaa som vert vurdert er nettopp landbru til Vampen.; «*For Nyhellervatn ber Villreinnemnda/Villreinutvalget om at muligheten for å bygge terskel over sundet ved Vampen blir vurdert. Formålet er å gjenopprette en trekkroute som ble sperret av neddemningen.*». Videre i revisjonsdokumentet kjem det fram at «*bygging av en slik landbro vil dessuten medføre nye, forholdsvis store inngrep i seg selv og et omfattende anleggsarbeid. Massen som må til for å fylle ut til en landbro over sundet, må også hentes fra et sted.*»

Her kan vi ikkje understreke nok viktigheita av at dei ansvarlege partar ser oppgraderingsarbeidet ved Nyhellerdammen i samband med føreslegne tiltak i tiltaksplanarbeidet. Statsforvaltaren i Vestland har vore eigar av prosessen rundt utarbeiding av utkast til tiltaksplan for Nordfjella, og vi oppmodar om at dei vert påkopla vidare prosess rundt samkøyring av oppgraderingsarbeid og vilkårsrevisjon, i lys av tiltaksplanarbeidet.

Aurland kommune stiller seg bak krav i brev frå Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd og Villreinutvalet for Nordfjella peikar på følgjande hovudmoment i fastsettinga av nye vilkår:

- «Verne trekka som gjev passasje forbi Viddalsvatnet. Særleg viktig er trekket over Viddalen nord for dammen, då dette er ei rute frå vinterbeite mot kalvingsland.
- Lette belastninga frå oppdemming av Nyhellermagasinet. Det bør greiast ut om
 - o Moglegheita for reetablering av trekkruiter ved å bygge tersklar. Sundet mellom Kongshellervatnet og Nyhellervatnet, ved Vampen har vorte peika på tidlegare. Sundet er smalt og grunt, og dyr trekk i dag ut på halvøya Vampen før dei stoggar mot sundet. Det er og grunne parti mellom Volanuttjørnan og Store Øljuvatnet, der det tidlegare gjekk viktige trekkruiter. Grunnene vart synlege under nedtapping i samband med arbeid i magasinet i 1996. Grunnene kom også fram, og vart avbilda i 2006, då på grunn av særleg låg vasstand i magasinet m.a pga lite nedbør. Ved begge høve nytta dyr seg av gamle trekk. Eit djupnekart vil kunne syne beste plassering av landbru frå aust til vest. Ein samanbitting av aust- og vestsida av magasinet vil m.a. kunne opne for trekk frå aust inn i den sona som har fått sterkt redusert bruk etter utbygginga, noko som kan få positive ringverknadar for heile dynamikken i dyra sin områdebruk.

Moglegheita for å styrke trekkmoglegheita langs sørsida av Store Øljuvatnet og Kongshellervatnet ved justering av rutenett og evt. flytting av sjølvbetjent DNT hytte. Dette vil kunne lette trekket aust-vest både sør for magasinet og gjennom å lette dyra sin tilkomst til Vampen og vidare trekk herfrå dersom det vert etablert ein terskel her

Kommunedirektøren si tilråding

Aurland kommune legg til grunn at standardvilkår for vassdragsreguleringar også vert sett for Aurlandsvassdraget. Desse vil omfatta dei fleste tiltak for å oppretthalde eit akseptabelt vassmiljø, gjennom heimelen for å påleggja biologiske undersøkingar, utsetting av fisk både i vassdraga og i magasinane, samt biotoptiltak for å auka overlevelse. I tillegg bør det ut frå eit miljøfagleg synspunkt, fastsettast akseptabel minstevassføring i vassdraga som tilrådd i rapportar som ligg til grunn for revisjonsdokumentet. Aurland kommune forventar at det i revisjonsarbeidet vert teke omsyn til Aurlandsvassdraget som leveområde for laks og sjøaure, samt vassmiljø og fjellaure i magasinane. Det vert vist til fleire og utfyllande punkt i vurderinga i sakspapira i høve vassforskrifta, fisk og dyreliv som må ivaretakast.

Aurland kommune stiller seg bak krav i brev frå Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd og villreinutvalet for Nordfjella og ber om at hovudmomenta referert til i vurderinga vert teke med i vilkåra.

Det bør opprettast eit fiske-, vilt-, friluftsliv- og beitefond i kommunen som regulant/utbyggjar pliktar å årleg innbetale eit beløp til, i tillegg til at kommunen setter av ei årleg sum. Midlane kan nyttast til auka tilgjenge til fiske-, vilt-, friluftsliv og beiteressursane og kome ålmenta til gode.

Regulant/utbyggjar blir pålagt å innbetale eit beløp til eit villreinfond for tilretteleggingstiltak for villrein. Eit slikt fond bør også tilførast midlar frå andre partar i eit spleiselag. Dette vil sikre brei medverknad og oppslutning kring tilrettelegging, istandsetting og ivaretaking av leve- og trekkeområda til villreinen

Aurland kommune syner elles til utfyllande punkt i vurdering i saksutgreiinga.

Vedlegg

- 1 Revisjon av vilkår Aurlandsvassdraget
- 2 Aurland_Habitatkartlegging_NORC+LFI+Nr+501
- 3 Norce+LFI+Rapport+379_Vassbygdelfa
- 4 Notater frå arbeidsmøte 22.02.2024
- 5 Uttale konsesjonsrevisjon Aurlandsvassdraget - Aurland fjellstyre
- 6 Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd - uttale 2017
- 7 Aurland elveeigarlag - krav 2017
- 8 Aurland Jakt og Fiskelag- uttale vilkårsrevisjon 2024.docx